

Møteprotokoll

Utval: Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde
Møtestad: Sandane Næringshage
Dato: 20.04.2015
Tidspunkt: 10:00 – 12.00

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Reprenterer |
|-------------------|----------|-------------|
| Ola Tarjei Kroken | Medlem | |
| Nina Klara Grotle | Medlem | |
| Anita Nybø | Medlem | |

Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn | Funksjon | Reprenterer |
|---------------------|----------|-------------|
| Bengt Solheim-Olsen | MEDL | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|------------------|----------------------|
| Rune Holen | Naturoppsyn |
| Alf Erik Røyrvik | Verneområdeforvaltar |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|--|-------|------------------|
| ST 1/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| ST 2/15 | Godkjenning av protokoll frå førre møte | | |
| ST 3/15 | Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding frå SFE og NVE | | 2015/817 |
| ST 4/15 | Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2015 | | 2014/4546 |
| ST 5/15 | Ålfotbreen verneområdestyre - Handsaming av høyringsinnspel til forvaltningsplan | | 2014/2040 |
| RS 1/15 | Orienteringssaker | | |
| ST 6/15 | Eventuelt | | |

ST 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

ST 2/15 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Vedtak:

Protokollane frå møta 3/13, 1/14, 2/14 og 3/14 vart godkjent utan merknader og signert.

Arkivsaksnr: 2015/817-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 09.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde | 3/15 | 20.04.2015 |

Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om helikopterlanding frå SFE og NVE

Dokument i saka:

- Søknad om helikopterlanding og snøskuterkøyring frå Sogn og Fjordane Energi
- Verneforskrift
- Naturmangfaldlova
- Løyve til helikopterlanding for 2013 og 2014
- Kart over landingsplassar og område for skuterkøyring

Søknaden

Sogn og Fjordane Energi sitt produksjonsselskap (SFE Produksjon AS) driv og held ved like fleire kraftanlegg og -installasjonar i Ålfotbreen-området. Blant desse er det fleire installasjonar og objekt innanfor og rundt Ålfotbreen landskapsvernområde. SFE Produksjon har jamleg behov for å drive tilsyn og vedlikehald på desse installasjonane og objekta.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ein bremålingsstasjon ved Ålfotbreen. Det vert gjennomført målingar to gongar for året (vår og haust). Her ligg det ei hytte som NVE nyttar i samband med målingar. Hytta ligg på om lag 1140 moh. rett nord for sjølv Ålfotbreen, innanfor grensa til landskapsvernområdet. SFE har tilsyn og vedlikehald av denne hytta.

For å få gjennomført desse aktivitetane og oppgåve, søker SFE om eit fleirårig løyve til følgjande helikopterlandingar:

- 2 gongar kvart år ved i samband med tilsyn med tunnelinntak i Skordalselva, i august-september
- 1 gong for året ved snømålingshytta nord for Ålfotbreen i samband med vedlikehald av hytta, i august-september
- 1 gong for året i samband med tilsyn og vedlikehald av ein gammal forseinkingsdam ved Bratthammarvatnet, i august-september

- Inntil 2 gongar i året ved Blåbrevatnet i samband med vasstandsmåling og tilsyn, i august-september. Det aller meste av magasinet ligg utanfor verneområdet, men grensa ligg veldig nær og HRV-bolt ligg innanfor verneområdet. Det kan derfor verte naudsynt/aktuelt å lande like innanfor grensa til verneområdet.
- Inntil 2 landingar i året i samband med transport/uttransport av personell og uttransport av gammalt anleggsskrot. Dette i samband med eventuell «oppryddingsaksjon» som SFE har hatt i samarbeid med verneområdeforvaltninga og SNO tidlegare. Landingsstad kan variere.
- Landingar kvart år ved målestasjon/brehytte nord for Ålfotbreen i samband med NVE sine bremålingar.
 - Jan/feb (maks 15 landingar)
 - April/mai (maks 8 landingar)
 - Juli/august (maks 20 landingar)
 - Oktober (maks 20 landingar)

I tillegg søker SFE på vegner av NVE om løyve til å nytte snøskuter mellom målepunkta på breen i samband med dei nemnte bremålingane. Området det er søkt om å køyre i er merka av i vedlagt kart og omfattar det meste av sjølve Ålfotbreenplatået. Det kan og verte aktuelt med ein enkelt tur med snøskuter ned til ein vassføringsstasjon ved Store Åskoravatn.

SFE søker om eit fleirårig løyve for fem år; perioden 2015 – 2019.

Verneforskrift og regelverk

All motorferdsel, inkludert landing med luftfartøy og bruk av snøskuter, er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i samband med visse føremål med heimel i verneforskrifta. Mellom anna gjeld dette motorferdsel i samband med tilsyn med SFE sine installasjonar ved Skordalselva og Bratthammarsvatnet.

Verneforskrifta § 3:

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynt bruk av båt med motor, lett motorkjøretøy eller luftfartøy i samband med:

[...]

f) transport av material og personell i samband med vedlikehald av eit bekkeinntak og ein forseinkingsdam i verneområdet.

Forvaltningsstyresmakta kan altso gje løyve til landingane ved inntaket i Skordalselva og ved forseinkingsdammen ved Bratthammarsvatnet, med heimel i verneforskrifta.

Dei omsøkte landingane i samband med bremålingar og opprydding av skrot er det derimot ikkje heimel til i verneforskrifta. Dei landingane må derfor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48. Med heimel i denne paragrafen kan ein under visse kriterie gje dispensasjon frå vernevedtak.

Naturmangfaldlova § 48:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

[...]

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i denne paragrafen gje landingsløyve slik det er søkt om, dersom tiltaket ikkje strider mot verneføremålet og dersom det ikkje påverkar verneverdiane negativt.

Helikopterflyging og snøskuterkøyring i utmark må ha løyve etter Lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som kan gje eit slikt løyve, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å få på plass det løyvet.

Vurdering

SFE søker her, både på vegner av seg sjølv og på vegner av NVE, om naudsynt motorferdsel i samband med drifta til SFE og bremålingane til NVE. Bremålingane er ei oppgåve som NVE er pålagt å gjere for å følgje med på massebalansen på breane. Bremålingane er altså ei offentleg samfunnsoppgåve, gjennomført av ein offentleg instans.

Nokre av landingane som SFE søker om har heimel i verneforskrifta. Men dei andre helikopterlandingane, og dessutan snøskuterkøyringa, har ikkje heimel i verneforskrifta og må derfor handsamast etter nml § 48. Eg må då først vurdere om det er grunnlag for å gje løyve etter den paragrafen. Og då kjem eg til å bruke første ledd i nml § 48, om tiltaket strir med verneføremålet i verneområdet, eller om det kan påvirke verneverdiane nemneverdig. Føremålet med vernet er å ta vare på landskapet utan tyngre inn grep, ta vare på biologisk mangfald og kulturlandskap og å sikre av ålmenta har høve til gode naturopplevingar. Eg kan ikkje sjå at dei landingane med helikopter oppe på breen vil true verneføremålet, og heller ikkje kjende verneverdiar. Føresetnaden i § 48 første ledd er derfor oppfylt og der er heimel til å kunne gje løyve.

Motorferdsel i eit verneområde skal regulerast strengt og avgrensast til det som er strengt naudsynt. SFE har her sendt ein ganske omfattande søknad på vegner av seg sjølv og NVE som inneber potensielt ganske mange landingar inne i landskapsvernområdet. Sjølv om ein har slått fast at det er heimel til å gje løyve som det er søkt om, er det ikkje automatikk i at løyver det er søkt om vert gjevne.

Desse landingane er ein del av verksemda til SFE og NVE. Vernet skal i utgangspunktet ikkje vere til hinder for næringsverksemd so lenge den ikkje trugar verneverdiar eller verneføremål. Vernet skal normalt heller ikkje vere til hinder for verksemd som var i gang ved på vernetidspunktet. Det vert og vektlagt at NVE er ein offentleg instans som gjer sine oppgåver på vegner av «storsamfunnet», i dette tilfellet samfunnet sitt behov for kunnskap og kartlegging. Slik eg vurderer det er tiltaket naudsynt for å gjennomføre viktige og til dels pålagde oppgåver, og ein del av verksemda til søkjarane.

Som nemnt er det søkt om mange landingar, men det delvis fordi søkjaren er bedt om å sette opp ei «max-ramme» for tal på landingar, altso kor mange som det i verste fall kan vere snakk om. Det er lite truleg at dei har bruk for so mange landingar, men med eit romsleg løyve vil SFE og NVE kunne takle uventa situasjonar og behov utan å måtte søkje om utviding eller bryte løyve/vilkår. Bruk av helikopter er uansett so dyrt at SFE og NVE automatisk vil avgrense bruken til det som er naudsynt.

Bruk av helikopter er ein effektiv og skånsam metode når ein først skal drive motorisert ferdsl. Støy og uro vert avgrensa til eit kort tidsrom og ferdsla set ikkje spor i terrenget. Det er ikkje kjende sårbare naturverdiar oppe på breen der det meste av landingane skal gå føre seg.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 8 set krav til eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag når ein skal handsame saker som kan påverke natur og miljø. Forvaltninga er ikkje kjend med at tiltaket vil ha noko negativ påverknad eller føre til skade på naturmiljøet i området. Det kan førekomme rovfugl i dette området, so det vert lagt inn vilkår om at SNO kan legge føringar for gjennomføring av flyginga dersom ein skulle få kjennskap om hekkelokalitetar som må takast omsyn til. Helikopter har vore nytta tidlegare i dette og omkringliggjande område, utan at forvaltning eller oppsyn har registrert negativ påverknad. Snøskuter er lite brukt i dette området, men det er ikkje forventat at det vil føre med seg negative effektar i det omfanget det er snakk om, oppe på breen. Kunnskapsgrunnlaget bygger på tilgjengeleg viten og erfaring og vert vurdert til å vere tilfredsstillande. Føre-var-prinsippet kjem derfor ikkje til bruk her.

Det er lite motorferdsl i Ålfotbreen landskapsvernområde. Den samla belastinga må derfor seiast å vere låg og godt innanfor det akseptable. Det er ikkje venta at tiltaket kan føre til miljøforringing. I følge naturmangfaldlova § 12 kan ein sette krav om at mest skånsame metode og rute vert valt, og slik forvaltninga ser det er det nettopp det som er søkt om i søknaden frå SFE.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak

Sogn og Fjordane Energi (SFE) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) får løyve til å lande med helikopter i Ålfotbreen landskapsvernområde i tråd med søknaden dei har sendt inn og innanfor dei rammene dei som er sett opp under her. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.f) (for landingane i Skordalen og ved Bratthammarvatnet) og i naturmangfaldlova § 48, første ledd (for dei andre landingane).

Landingar i løyvet:

- 2 landingar kvart år ved inntak i Skordalen
- 1 landing kvart år ved brehytta til NVE i samband med vedlikehald
- 1 landing kvart år ved forseinkingsdammen ved Bratthammarsvatnet
- 2 landingar kvart år ved Blåbrevatnet
- 2 landingar kvart år i samband med uttransport av skrot. Landingsstad kan variere.
- Inntil 50 landingar kvart år ved brehytta og på sjølve Ålfotbreen i samband med NVE sine bremålingar

Det vert og gjeve løyve til å nytte snøskuter oppe på Ålfotbreen, og eventuelt ned til Store Åskoravatnet, i samband med bremålingane. Dette med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Vilkår for løyvet:

- Motorferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt for å få gjennomført arbeidet
- Det skal takast omsyn til naturmiljø og ande brukarar av området
- Dette løyvet skal vere med under flyging/landing
- Verneområdeforvaltninga skal få tilgang til dei data som vert samla inn under bremålingane
- Flyging/landing skal varslast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (tlf: 97595102)
- Statens naturoppsyn kan nekte flyging/landing dersom omsyn til hekkande rovfugl tilseier det

Vedtak

Sogn og Fjordane Energi (SFE) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) får løyve til å lande med helikopter i Ålfotbreen landskapsvernområde innanfor dei rammene dei som er sett opp under her. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 5.3.f) (for landingane i Skordalen og ved Bratthammarvatnet) og i naturmangfaldlova § 48, første ledd (for dei andre landingane).

Landingar i løyvet:

- 2 landingar kvart år ved inntak i Skordalen
- 1 landing kvart år ved brehytta til NVE i samband med vedlikehald
- 1 landing kvart år ved forseinkingsdammen ved Bratthammarsvatnet
- 2 landingar kvart år ved Blåbrevatnet
- 2 landingar kvart år i samband med uttransport av skrot. Landingsstad kan variere.
- Inntil 50 landingar kvart år ved brehytta og på sjølve Ålfotbreen i samband med NVE sine bremålingar

Det vert og gjeve løyve til å nytte snøskuter oppe på Ålfotbreen, og eventuelt ned til Store Åskoravatnet, i samband med bremålingane. Dette med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for fire år, altso perioden 2015 – 2018.
- Motorferdsla skal avgrensast til det som er naudsynt for å få gjennomført arbeidet. Det skal leggast vekt på samarbeid og effektivisering slik at ein kan gjennomføre fleire oppgåver på same tur dersom det er mogeleg.
- Det skal takast omsyn til naturmiljø og ande brukarar av området
- Dette løyvet skal vere med under flyging/landing
- Verneområdeforvaltninga skal få tilgang til dei data som vert samla inn under bremålingane
- Flyging/landing og bruk av snøskuter skal varslast seinast dagen før med sms til Statens naturoppsyn (tlf: 97595102)
- Statens naturoppsyn kan nekte flyging/landing dersom omsyn til hekkande rovfugl tilseier det

Arkivsaksnr: 2014/4546-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 09.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde | 4/15 | 20.04.2015 |

Ålfotbreen verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidler for 2015

Ålfotbreen verneområdestyre har for året 2015 fått kr 120.000 (netto) i midlar til tiltak i landskapsvernområdet. Midlane kan nyttast til skjøtsels- tilretteleggings- og informasjonstiltak.

Til bestillingsdialogen sette verneområdestyret opp desse tiltaka som det vart bedt om tiltaksmidler til:

1. Toalett ved parkeringsplass i Hope
2. Ulike stiltak
3. Kartlegging og fjerning av gran

Styret må no prioritere og fordele dei tildelte midlane på desse tiltaka

Framlegg frå forvaltar:

Verneområdestyret prioriterer først og fremst bygging og ferdigstilling av toalettet ved parkeringsplassen i Hope. Når denne er ferdig vert dei resterande tiltaksmidlane brukt på ulike stiltak, og då først og fremst stien frå Åskora og oppover mot Ålfotbreen.

Vedtak:

Verneområdestyret prioriterer først og fremst bygging og ferdigstilling av toalettet ved parkeringsplassen i Hope. Når denne er ferdig vert dei resterande tiltaksmidlane brukt på ulike stiltak, og då først og fremst stien frå Åskora og oppover mot Ålfotbreen.

Ålfotbreen verneområdestyre registrerer at midlar til tiltak i verneområdet er om lag halvert sidan 2012. Verneområdestyret ser på denne utviklinga som særskilt beklageleg.

Arkivsaksnr: 2014/2040-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 09.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|-----------|------------|
| Styret for Ålfotbreen landskapsvernområde | 5/15 | 20.04.2015 |

Ålfotbreen verneområdestyre - Handsaming av høyringsinnspel til forvaltningsplan

Framlegg til forvaltningsplan for Ålfotbreen var ute på høyring før jul i fjor. Det kom inn nokre høyringsinnspel.

Verneområdestyret må no gå gjennom dei innkomne innspela og bestemme kva som skal takast inn / endrast i framlegget til forvaltningsplan.

Handsaming i styremøte

Styret gjekk gjennom dei innspela som kom inn i høyringa. Styret diskuterte innspel og endringsforslag og la føringar for kva som skulle takast med i den endelege forvaltningsplanen.

Vedtak

Forvaltaren skal oppdatere forvaltningsplanen med dei endringar som styret bestemte i møtet. Den endelege versjonen skal leggest fram for godkjenning i styret før den vert sendt til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

RS 1/15 Orienteringssaker

- **Møte med SFE**

Verneområdeforvaltar og naturoppsyn har jamlege møter med miljøkonsulentane hjå SFE. På førre møte vart det mellom anna snakka om oppsetting av kamera for å dokumentere påverknaden som reguleringsmagasina har på landskapet, og eventuelle tiltak på stien frå Åskora til Ålfotbreen.

- **Nasjonaparkkonferansen 2015**

Forvaltaren var på Nasjonalparkkonferansen 2015 i Trondheim i førre veke. Der vart det mellom anna snakka om revidering av stillingsinstruks og vedtekter for styra. Ei viktig endring det er lagt opp til er utvida mogelegheiter for delegering av mynde til forvaltar.

ST 6/15 Eventuelt

Ingen saker